



› Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vart utskrive både på verk og bruk, bustad og fritidseigedommar. Ved fastsetjing av skatteverdien for bustadeigedommar vart formuesgrunnlag frå skatteetaten nytta, medan det vart leigd takstfolk for taksering av fritidseigedommar, verk og bruk samt bustadeigedommar der formuesgrunnlag ikkje var fastsatt av skatteetaten. Satsen for eigedomsskatt vart satt til 2 %, Inntektene frå eigedomsskatt vart 14 mill. kr, 1 mill. kr høgre enn budsjettet. Auken kjem av at Giske kommune vart flytta over i anna takstzone i Statistisk sentralbyrå, noko som medførte at formuesgrunnlaget vart høgre.